



**SØR-FRON
KOMMUNE**
"Dalernes blomme"

Forskrift om felles ordensreglement for skulane i Sør-Fron kommune.

A. Innleiing

§ 1 Heimel

Med heimel i opplæringslova § 9a har Sør-Fron kommune frå 01.02.2018 fastsett forskrift om felles ordensreglement for skulane i kommunen.

§ 2 Føremål

Ordensreglementet skal ta vare på rettar og plikter for kvar enkelt elev. Reglementet skal vera med på å skape trygge rammer for læringsmiljøet og inngå som eit viktig element i utvikling av sosiale ferdigheiter og bygging av positive relasjonar mellom elevar og mellom elevar og tilsette. Alle elevar har rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, trivsel og læring. Skulen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering jmf § 9a.

§ 3 Verkeområde

Regelverket gjeld alle stader og tider der skulen har ansvar for eleven. Såleis gjeld reglane også på veg til og frå skulen. Alle skular har same reglement, men enkelte reglar kan gjelde berre barne- eller ungdomsskulen.

B Reglar

§ 4 Generelt

Skulane i Sør Fron skal leggje til rette for at elevane skal få best mogleg høve til læring og utvikling. Alle har rett til eit trygt og godt arbeidsmiljø der elevar og tilsette viser omsyn og respekt for kvarandre.

§ 5 Reglar for orden og åtferd

§ 5.1 Skulen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering. Dette gjeld m.a.

- a. Krenkande åtferd – fysisk og psykisk.
- b. Krenkande språkbruk, skriftleg og munnleg.
- c. Rasistiske ytringar og handlingar.
- d. Trakassering / plaging m.a. på grunn av religion, livssyn eller seksuell orientering.

§ 5.2 Røyking, snusing og bruk av rusmiddel er forbode på skuleområdet og i skuletida.

§ 5.3 Farlege gjenstandar skal ikkje takast med til skulen.

§ 5.4 Alle er erstatningspliktige, jfm § 8, for skade som er gjort på anlegg, utstyr og personlege eignedelar med vilje eller i vanvare.

§ 5.5 Alle har ansvar for å ta vare på skuleanlegg, bøker og utstyr. Dette gjeld også klede og andre personlege eigendelar.

§ 5.6 Snøballkasting er lov berre mot oppsette blinkar eller på andre tilviste område.

§ 5.7 Det er berre lov til å sykle på skuleområdet etter avtale med lærar . Alle som sykklar til, på og frå skulen skal bruke hjelm.

§ 5.8a Det er berre lov til å bruke mobiltelefon etter avtale med rektor.

§ 5.8b Det er berre lov til å ta bilete etter avtale med lærar.

§ 5.9 Ta ikkje med unødvendige verdisaker på skulen.

§ 5.10 Kaker, godteri og sukkerhaldig drikke kan berre nyttast etter avtale med lærar.

§ 5.11 Alle elevar skal vera ute i friminutta og halde seg innafor skuleområdet. Elevane kan vere inne ved -18 grader eller lågare på barneskulane, og -15 grader eller lågare på ungdomskulen.

§ 5.12 Møt presis til timar og avtaler, hald arbeidsro i timane og ha med bøker og nødvendig utstyr.

§ 6 Tiltak/konsekvensar ved brot på ordensreglane

Elevar og føresette må gjera seg kjente med ordensreglane og konsekvensane av regelbrot. Konsekvensane skal vera slik at elevane skal forstå kva reglar som er brotne og kvifor skulen reagerer.

- Kollektiv straff kan ikkje nyttast.
- Konsekvensane skal stå i rimeleg forhold til brotet på ordensreglane.

Desse konsekvensane kan bli nytta:

- 1) Munnleg eller skriftleg påtale av lærar/den som har vakt.
- 2) Kontaktlærar tek kontakt med heimen.
- 3) Munnleg/skriftleg påtale frå rektor.
- 4) Merknad i vurderingsbok/nedsett karakter i orden/åtferd
- 5) Bortvising frå klassa under tilsyn.
- 6) Bortvising frå skulen etter gjeldande reglar i opplæringslova § 9a-11.
- 7) Skulen kan inndra mobiltelefonar for resten av skuledagen.
- 8) Skulen kan gi pålegg om oppretting/bøting av skade, hærverk, forsøpling eller liknande.
- 9) Vanlege erstatningsrettslege reglar gjeld.
- 10) Rektor varslar politiet ved straffbare handlingar, og rådmannen melder saka om nødvendig.

C Saksbehandling

§ 7 Generelt

Ordensreglane skal årleg gjerast kjent for elevar, føresette og tilsette. Behandling av brot på ordensreglane følgjer reglane i opplæringslova og forvaltningslova. Føresette har klagerett i dei tilfella sanksjonar fører til enkeltvedtak.

§ 8 Nærare om enkelte sanksjonar

Bortvising:

Bortvising kan skje for enkelttimar og for resten av dagen. Ungdomsskulen kan vise bort for inntil 3 dagar i ungdomsskulen, jamfør opplæringslova §9a-11.

Erstatningsansvar:

Føresette er erstatningspliktige etter skadeerstatningslova §1-2 for inntil kr 5000,- i kvart enkelttilfelle. Driftsleiar/vaktmeister og rektor fastset saman erstatningssummen.

Reglar for sakshandsaming:

Før det blir teke avgjerd om bortvising, har eleven rett til å forklare seg. Bortvising for ein dag eller meir (ungdomsskulen) skal gjerast som eit enkeltvedtak etter forvaltningslova §2 og kap. 3-6. Eventuell klage kan ikkje ha utsetjande verknad på vedtaket.